



DEN NORSKE KYRKJA
I ULLENSVANG

MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

Møtedato: 28.04.2021	
Sak nr. 14/21,15/21,16/21,10/21,17/21,18/21	Møtestad: Jondal Kyrkje, kyrkjerommet
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserer Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S. Stærnes	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	Vara: Maria Eide
Forfall til møtet: Åse Marit Jørgensen	

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Orientering:

Økonomi/ budsjett v/Ingebjørg

Jondal sokneråd har kr. 337 196 på konto i Sparebanken Vest.

Det står kr. 38 940 på Anka sitt minnefond.

Kva utgifter har soknerådet ansvar for og kva skal til Fellesrådet?

Anne tek kontakt med kyrkjeverje Tørres Mæland for å avtale eit møte.

Jondal sokneråd har fått Coop-kort. Anne og Ingebjørg lagar forslag til retningslinjer for bruk av kortet etter møtet med kyrkjeverje

Korleis skal soknerådet få inntekter? Kollekt ved gudstenester. Anne forhøyrer seg med andre sokneråd kva dei gjer for å få inn pengar,

Diakoniutvalet v/ Åse Marit, Karin og Ingebjørg

Det er arbeidd med å utarbeide ein diakoniplan for Jondal sokn. Det har vore ei samling på teams der det vart arbeidd med planen. Den er bygd opp rundt 4 hovudpunkt.

Nestekjærleik. Inkluderande fellesskap. Vern om skaparverket. Kamp for rettferd.

Diakoniutvalet ser det som viktig å støtte og styrke eksisterande tiltak. Den er ikkje eit ferdig produkt men eit arbeidsreiskap som kan evaluerast og endrast undervegs.

Ynskje frå soknerådet at diakoniutvalet lagar ein diakoniplan med 3-4 konkrete tiltak. Tiltak som kan gjennomførast. Diakoniutvalet arbeider vidare med planen.

Informasjon om prestesituasjonen i Jondal/Utne pr. no. Kjem i sak 16/21

Meldingar:

Bårerommet på Vikevollen kan brukast av dei som ønskjer ei samling rundt båra før gravferd.

Ta kontakt med Vikevollen Silje Selsvik (90788626) for førespurnad.

Nedanfor fylgjer sakene som skal til handsaming i møtet.

Saker:

14/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

15/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 02.02.21

10/21 Fastsette dato for Soknemøte 2020/21/utsett frå møtet 3/3-21

16/21 Søkjarar til Sokneprest stilling i Jondal og Utne.

17//21 Klokkar stilling

18/21 Eventuelt

Sak 14/21 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Innkalling til møtet den 28.04.21 vart samrøystes godkjent.

Sak 15/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokoll/ møtebok frå møtet den 03.03.21 vart samrøystes godkjent.

Sak 10/21 Fastsette dato for Soknemøte 20/21- utsett frå møte 3/3-21.

Kort utgreiing om saka:

Dato for Soknemøtet er utsett fleire gonger pga. gjeldande korona tiltak. Viktig no å få satt ein dato fram i tid, slik at det blir mogleg å få gjennomført møtet.

September/oktober har nok alle som ynskjer vaksine fått det. Det blir då soknemøte for 2020 og 2021.

Forslag til vedtak:

Utsette til medio september i samsvar med gudstenestelista for hausten.

Vedtak:

Forslag til vedtak samrøystes godkjent.

Sak 16/21 Søkjar til Sokneprest stilling i Jondal og Utne.
--

Kort utgreiing om saka:

Stillinga som sokneprest i Hardanger og Voss prosti med Jondal sokn og Utne sokn som tenestestad er no lyst ut for andre gang med søknadsfrist 05.04-21 2021. Sjå [utlysinga her](#).

Som del av tilsettingsprosessen spelar sokneråda ei viktig rolle. Sokneråda har høve til å kome med uttale om kven av søkerane ein ønskjer tilsett, samt stille med kvar sin representant i intervju. I tillegg skal ein representant på vegne av begge sokneråda oppnemnast som medlem i innstillingsrådet (ein av dei som og deltek i intervju). Soknerådsleiar på Utne, Kari Eitrheim skulle ivareta begge Sokn på dette møtet.

Her er tidsplan for vidare skritt i tilsettingsprosessen:

Søknadsfrist: 05 april-21

Intervju: 12-16 april

Frist for sokneråda sine uttaler/innstillingsråd: 19 april/21 april.

Tilsetting i Bjørgvin bispedømeråd: 30 april.

Det var ingen søknader denne gangen, heller.

Prosten Arild Hellesøy og Bispedømmerådet har arbeidd med ulike løysingar.

Ønskje om å tilsette Arne Opsahl Engen i ein fast stilling er framleis eit ønskje både frå Utne/Jondal Sokneråd. Begge sokna er samde om at vi har trong for stabilitet og at Arne er den rette personen.

Det har vore diskutert ulike løysningar.

Sidan Arne ikkje har godkjent utdanning som prest, er det vanskeleg å få til ein fast ordinær tilsetting.

Stillinga blir lyst ut igjen om nokre månader og Arne har sagt ja til å fortsette som vikar så langt han kan få det til, men held og fram i jobben sin på Nav.

Marna held fram med gravferder.

Konfirmantane og gudstenester tek Arne seg av så langt han kan.

Arne har forslag til vedtak.

Forslag til Vedtak:

Jondal Sokneråd takkar bispedømmet for arbeidet som er gjort for å skaffe ny sokneprest til Jondal Sokn.

Vedtak:

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt

Sak 17/21 Stilling som Klokkar

Kort utgreiing om saka:

Haldor har permisjon ut året. Tilbakemeldingar frå Kyrkjeverje Tørres gir inntrykk av at det ikkje blir tilsett vikar i denne stillinga. Dei andre Sokna har ikkje tilsett klokkar og greier seg bra utan. I Jondal må me og søkja å dekke klokkartenestene inn lokalt.

Ved vanlege gudstenester, utan ekstra program kan staben og presten klare seg utan klokkartenester. Merkedagar og spesielle tilhøve kan krevje ein ekstra person. Då går det an å ha ein ekstra kyrkjevert eller andre frivillige.

Diskutere ulike løysingar i soknerådsmøte. Arne ynskjer å engasjere konfirmantane i gudstenestene, at dei får konkrete oppgåver. Han vil prøve å få ein friviljug voksen som kan vere i gudstenesta saman med konfirmantane.

Forslag til vedtak:

Klokkar funksjonen er ein viktig del av gudstenesta. Soknerådet ynskjer at stillinga som klokkar held fram slik som i dag. For å ivareta klokkartenesta i permisjonstida vil Soknerådet i samarbeid med sokneprest arbeide for å få til eit friviljug klokkarlag.

Vedtak:

Forslag til vedtak samrøystes vedtatt.

Sak 18/21 Eventuelt

Det blir i år ei enkel gudsteneste 17.mai. Den startar kl.10.30. Det blir påmelding.
Det blir truleg flaggborg ved konfirmantane og kransenedlegging etter gudstenesta. Kantor
Anne Karin avklarar dette.